



Alver kommune  
plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: bbdcc412-0998-4efe-  
9fbc-9a62ef4c2e50  
Vår: 21/4468 - 21/36290

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
31.05.2021

## Uttale frå landbruk til sak som gjeld- gbnr 99/4 Våge - oppføring av våningshus, garasje med bueining og driftshus Våge (Vågseidet)

Dette er ein eigedom med buplikt fordi den har meir enn 500 daa produktiv skog. Landbruksavdelinga har til handsaming søknad om konsesjon på denne eigedomen. Før me kan ta stilling til konsesjonssøknaden ynskjer me ei avklaring etter plan- og bygningslova om det vil verta gitt løyve til bygging av nytt våningshus. Dette er vesentleg for vurdering av vilkår om buplikt. Handsaming av konsesjonssøknad er stilt i bero til dette er avklart.

Sidan det er ein eigedom med buplikt vil me støtta at det vert gitt løyve til oppføring av nytt bustadshus og driftsbygning.

Dersom det vert sett vilkår om riving av det gamle våningshuset før ein får ferdigattest på det nye huset er det ikkje naudsynt med omdisponering etter @ 9 i jordlova sjølv om huset ikkje vert plassert på grunnane til det gamle. *Uttrykket «jordbruksproduksjon» omfatter all planteproduksjon i jordbruk og hagebruk der jorda blir brukt som vekstmedium. Også oppføring av bygninger som er direkte knyttet til driften av eiendommen som driftsbygninger og våningshus er omfattet, mens oppføring av generasjonsbolig og kårbolig ikke omfattes av begrepet og krevjer derfor samtykke til omdisponering. (Norsk lovkommentar note 50 av Veslemøy Gundersen Faafeng 26.03.2021.)*

*Landbruksavdelinga meiner at våningshus er naudsynt for drifta og difor i tråd med LNF-føremålet.*

*Garasje med kårhus oppå vil etter landbruksavdelinga krevja dispensasjon då det ikkje er ei drift der i dag eller planlagt ei drift som generer trong for fleire bustadeiningar. Landbruksavdelinga har ikkje noko motforestilling til at det vert gitt dispensasjon.*

Det er lagt fram planar som sannsynleggjer at dei ynskjer å starta opp med sauehald, og sauefjøs vil då vera ein naudsynt bygning for landbruksdrifta. Dei kan sjølv stå ansvarleg for bygging av sauefjøs. Det vil vera vanskeleg å setja i gang noko sauedrift utan bygning då forskrift om velferd for småfe sett krav om at dyra skal ha tilgang til skjul. Landbruksavdelinga legg til grunn at sauefjøs er ei naudsynt førebuing til drift og difor i tråd med LNF-føremålet.

Vedlagt teikning som syner dei nye bygningane viser at det er teke omsyn til byggeskikken i området ved fargeval og materialbruk, og etter landbruksavdelinga sitt syn er bygningane fint plassert i landskapet.

Det er i nabomerknad komen fram påstandar om at om lag 6 daa jordbruksareal er grave av og sprengt ut. Landbruksavdelinga har ikkje kjennskap til om det er gitt noko løyve til dette. Å husholdera med jordbruksarealet og ikkje omdisponera meir enn høgst nødvendig er i tråd med nasjonal jordvernpolitikk. **Jord er i praksis ein ikkje fornybar ressurs og det bør difor stillast krav om at areal som ikkje er naudsynt for bygging vert tilbakeført til markslaget (AR-5) det var før inngrepet.**

Me ber om kopi av vedtaket når saka er ferdig handsama fordi me då vil starta handsaming av konsesjonssaka.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG